



Bygningen sitt bruksareal:

Taksten tek utgangspunkt i faktaopplysningar om bygg.

Bygningen sitt bruksareal (BRA) = måleverdig areal innom yttervegg pr. plan.




(BTA) = måleverdig areal inkludert yttervegger pr. plan.



Sidan takseringa skjer ved utvendig oppmåling, vert BRA berekna på grunnlag av bruttoarealet (BTA) minus ein standardfaktor for fråtrekk av yttervegg.

Måleverdig areal:

Eit areal er måleverdig når fri høgde er minst 1,90 m og breidda er på minst 0,60 m. Delen med skråtak vert rekna som måleverdig inntil 0,60 m utanfor høgda 1,90 m.



Det er uavhengig av om planet er innreia eller tilgjengeleg.

NS 3940 fastset reglar for måling av areal.

Målereglar (jf brukarbok for matrikkelklienten til Statens kartverk versjon 1.):


Kjellarplan (K):

Eit plan der underkant dekke eller himling er høgst 0,75 m over planert terreng - gjennomsnittsnivå rundt bygningen.




Underetasje (U):

Eit plan der underkant dekke eller himling er høgare enn 0,75 m, men høgst 1,5 m over planert gjennomsnittsnivå.



Hovudetasje (H):

Eit plan der underkant dekke er høgare enn 1,5 m over planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen., og der den frie bredda i høgde 1,9 m må minst være 1,9 m.



Loft (L):

Eit tilgjengelig rom over øvste alminnelige etasje som ikkje oppfyller krava til alminnelig etasje. Fri høgde må være større eller lik 1,9 m i ein bredde på minst 0,6 m. Loftsarealet vert målt til 0,6 m utanfor høgde på minst 1,9 m.

